

Tombre Fiskeanlegg AS

Quatro Laks AS



Nærings- og fiskeridepartementet Bergen 6. januar 2014
Postboks 8118 Dep.
0032 Oslo
postmottak@fkf.dep.no

Mundheim i Hardanger 13.01.2014.

Høyringsuttale, rullerande gjennomsnitts MTB

Tombre Fiskeanlegg, Fjord Drift og Quatro Laks AS er mindre oppdrettselskap i Hordaland med base i Hålandsdalen. Tombre innehar 3 konsesjoner, Fjord Drift 2 og Quatro 2 konsesjoner. Selskapa Tombre og Quatro har samlokalisert på lokalitetsnivå, men er sterkt råka av soneinndeling. Deleier i slakteriet Hardanger Fiskeforedlig AS, leverer 45 % av deira råstofftilgang. Deleier i eksportselskapet Seaborn AS i Bergen som årleg videreselger 4000 tonn (ca 50%) av selskapa sin produksjon av laks og ørret. Alle selskap er knytt til nettverket Salmon Group, Bergen.

Vårt standpunkt

Tombre/Quatro meiner at MTB ordninga er eigna for ei fornying, etter at ei rekke andre forskrifter har kome inn og endra driftsvilkåra for næringa. Særskild vil vi framheve soneforskriftene som er innførte i enkelte regionar. Desse har vore med og endra vilkåra for drift under dagens MTB-ordning, og spesielt har dette råka ein del mindre selskap med 2-3 konsesjonar. Sonegrensene i Hordaland har for desse slått vilkårleg hardt ut på deira produksjonsevne.

Tombre/Quatro vil tilrå ei endring av ordninga jamført alternativ 2. i høyringsbrevet;

Innføring av rullerande gjennomsnittlig MTB med samme størrelse på tillatelses-MTB som i dag (normalt 780 tonn, med unntak av i Troms og Finnmark hvor en matfisktillatelse til oppdrett av laks, ørret og regnbueørret er på 945 tonn).

Tombre/Quatro vil hevde at dette er det beste alternativet som er skissert, og det einaste tenlege alternativet til å vidareføre dagens ordning. Forslaget vil kompensere for dei tapa i produksjonsevne og fleksibilitet som dei mest sårbare aktørane har opplevd dei seinare åra, og vere med å sikre mangfaldet i næringa, gjennom at det bidrege til like rettigheter mellom store og små aktørar.

Konsesjonsordninga- ein lik rett for alle

Dagens ordning med produksjonsavgrensing ut frå maksimalt tillaten biomasse, var i si tid ei viktig fornying av regelverket for oppdrett. Dei viktigaste krava til ei produksjonsregulering er at ho er oversiktleg, enkel å kontrollere og enkel å rapportere. Men aller viktigast er det at ho må representere like vilkår for alle. Geografisk plassering eller andre forhold må ikkje slå ulikt ut for aktørar som driv under den same reguleringa.

I Troms og Finnmark har ein alt modifisert MTB-ordninga gjennom å kompensere for lågare sjøtemperaturlar og dårlegare tilvekst. I desse fylka har aktørane fått høve til å justere sin MTB opp frå 780 til 945 tonn. Det er her ikkje snakk om at ein har innført eit fortrinn, men ein har kompensert for ein ulikskap og ei ulempe.

Ei endring til produksjonsregulering gjennom rullerande gjennomsnitts MTB, vil vere ei tilsvarende tilpassing for ulikskapar som har gjort at ein del aktørar har ein svakare mulighet til å utnytte sin MTB enn andre. **I regionar som er underlagte soneforskrifter, har ein endra premissane for produksjon av fisk.** Her er det ikkje berre tilgangen på løyve eller lokalitetar som avgjere kor mykje ein aktør kan produsere, men og utsetta som aktøren får tilgang til gjennom plasseringa av lokalitetar i sonekartet.

Det vi ser er at forskrifter som har hatt heilt andre føremøner enn å vere produksjonsregulerande, har skapt ulikskapar i ordninga for MTB. Dermed er denne ordninga moden for å justerast, slik at ein kjem i takt med dei påverknadane som er tilført gjennom andre regelendingar.

Døme på effektar av rullerande gjennomsnitts MTB

Den mest vanlege innrettinga av lakseproduksjonen, baserar seg på at ein set ut laks i ein firedelt syklus, haust og vår, og kvart anna år på den enkelte lokalitet. Inne i syklusen ligg der og ei brakkleggingstid av lokaliteten. (Dvs. utsettsyklusar på 24 mnd på lokalitetsnivå).

Optimalisering av drifta skjer gjennom å ha ein jamn og kontinuerleg tilgang på slakteklar fisk. Dette er det beste for marknaden, for likviditeten, for planlegginga av drifta og for utnyttinga av løyva. For å kunne praktisere drift med fleire utsett, må ein ha tilgang på nok lokalitetar. **Innføring av soneforskrifter har kasta om på etablerte lokalitetsstrukturar og driftsregime, fordi ein no blir overstyrtd på kva utsett som er tillate på den enkelte lokalitet.**

For Tombre/Quatro som ikkje har likt tal lokalitetar i høve til sonene, har forskrifta medført eit nedgang i produksjonen, som fylgje av tapt kapasitet på utsetta. Selskapa sit med 4 lokalitetar i Vår Oddetal og 1 lokalitet i Vår Partal. Frysforskrifta i Hardanger har og vore medverkande til at ein har hatt vanskar med å få nok lokalitetskapasitet til å oppretthalde produksjonen etter at ein innførte soneforskrift. Dette har resultert i at deler av produksjonen har vert basert på dispensasjon fra MT.

Innføring av rullerande gjennomsnitts MTB vil kunne kompensere delvis for tapte utsett på den måten at ein kan halde slaktefisk lenger, fram til ei høgare gjennomsnittsvekt. For mindre selskap med manko på lokalitetar i rett sone, er der i dag ein situasjon der ein i periodar har svært låg biomasse i sjøen. Ei overføring av denne til produktive periodar, vil for Tombre/Quatro kunne auka produksjonsutnyttinga fra dagens 74-79 % til 90 -95 %. Det medføre ein kompensasjon på 800 - 1000 tonn meir slaktefisk (levande vekt) enn det ein klarar å produsere i dag med fast MTB. Dette vil bidra til å forsvare investeringar og andre ekstra kostnader som særfor skriftene har medført.

VEDLEGG: Viser til vedlagt diagrammer som syner MTB utviklinga for perioden 2013 (reell) til 2015 (budsjett). Her er Tombre Fiskeanlegg og dattaerselskap Fjord Drift AS i eit diagram - innehar konsernMTB, mens Quatro Laks AS er eit sjølvstendig selskap.

Fiskehelsemessige og smittehygieniske fordelar

Ei endring til rullerande gjennomsnitts MTB vil først og fremst medføre ein større fleksibilitet i produksjonssyklusen hos den enkelte. Ein vil kunne optimalisere utsett og utslakting i høve til eigen situasjon. Dessutan vil det vere meir rom for å ta ut fisk som er eksponert for sjukdom eller lusepress, utan å miste for mykje av årsproduksjonen. (Kan kompensere ved å la fisk på annen lokalitet føres lengre).

Medan ein i dag vil lide store tap i den samla produksjonen ved å ta ut fisk med mindre storleik enn planlagt, vil ein med rullerande gjennomsnitts MTB kunne slakte ut fisk ved situasjonar som er kritiske fiskehelsemessig eller smittehygienisk, og ta att denne tilveksten på ei anna gruppe. Klassiske døme på slike situasjonar, vil vere ved store og tilbakevendande lusepåslag, eller ved sjukdomsutbrot. Med dagens MTB regime er det ofte økonomisk uforsvarleg å slakte ut liten fisk, sjølv om det ville vere førebyggjande å gjere det.

Lite å seie for totalproduksjonen, avgjerande for lokale aktørar

Arbeidet som er gjort av Kontali Analyse og SINTEF som grunnlag for høyringa, syner at ei innføring av rullerande gjennomsnitts MTB får lite å seie for den totale lakseproduksjonen og utbodet av fisk til marknaden. I eit optimalt år vil ein kunne tilby 5 % meir laks, men dette utslaget er mindre enn påverknaden naturgjevne forhold har på produktiviteten.

For små enkeltaktørar underlagt soneforskrift vil tilpassinga kunne bli avgjerande for vidare sjølvstende, men desse voluma blir ikkje signifikante når ein vurderer den totale produksjonen eller marknaden for laks på verdsbasis. Om noko, vil ein i større grad bli i stand til å tilby dei storleikane på fisk som marknaden etterspør, fordi ein slepp å ta ut biomasse midt i beste tilveksten som fylgje av at MTB-taket er nådd.

Tombre/Quatro vil legge til grunn at marknaden for fersk laks er ein av verdas best fungerande spotmarknader for råvarer, samt at der er gode system etablerte for å inngå avtalar for framtidige volum. Dermed burde risikoen for ein marknadskollaps som fylgje av forskyving av slaktetidspunkt vere lite sannsynleg korkje utifrå volum- eller marknadstekniske omsyn.

Tombre/Quatro har eierskap i lakseslakteri i Hardanger i lag med Lingalaks AS og har ansvar for jamn råstofftilgang. Dette er til tider utfordrande med dagens «faste» MTB regulering og soneforskrift.

Me er og av det inntrykk at marknaden for norsk laks er rigga for eit større volum enn det vi produserer i dag, noko vi mellom anna baserar på dei sterke eksportprisane vi har sett hausten 2013. Truleg vil innføringa av rullerande gjennomsnittleg MTB ikkje vere tiltak nok for å møte den stigande etterspurnaden.

Tilpassing av lokalitets-MTB

Det er viktig for effekten av rullerande gjennomsnittleg MTB at ein og opnar opp for ei auke av lokalitets-MTB der miljøtilhøva tillate det. Fastsetjinga av lokalitets-MTB bør vere eit reint miljøfagleg spørsmål, og ikkje koplast opp mot konsesjonsordninga.

Samandrag


Tombre/Quatro meiner at MTB ordninga bør fornyast gjennom å innføre rullerande gjennomsnittleg MTB, slik det vert føreslege i alternativ 2. i høyringsbrevet. Dette vil få små konsekvensar for den totale produksjonen av laks, men vil vere viktig for ei rekke mindre aktørar. Spesielt viktig vil det vere for verksemdar som har fått sin lokalitetsstruktur omsnudd og produksjonsevna svekka som fylgje av soneforskrifter.

Alternativt kan rullerande gjennomsnitt MTB tillast i alle område som er omfatta av soneforskrifter. Tilsvarande kompensasjon som Troms og Finnmark har pga. lågare temperaturregime.

Rullerande gjennomsnitt MTB vil gje ein større fleksibilitet for Tombre/Quatro til å planlegge og tilpasse sin produksjon ut frå individuelle forhold. Lokalitetstilgang, smoltforsyning og andre vilkår for drifta varierer mellom ulike selskap. Dette gjere at ein vil sjå ulike tilpassingar til dette nye regimet. Også fiskehelsemessig og smittehygienisk vil ein betre fleksibilitet styrke evna til å gjere langsiktige val.

Denne tilpassinga av MTB ordninga vil vere med å sikre lokalt eigarskap og mangfald i havbruksnæringa. Samstundes meiner me denne regelendringa ikkje vil påverke behovet for ein generell tilbodsvekst for laks til marknaden, og at ein difor bør vurdere ei generell auke i MTB i løpet av 2014.

Med Helsing



Håkon Kr. Tombre

Daglig Leder


Tombre Fiskeanlegg AS, Fjord Drift AS og Quatro Laks AS

Scenario

LW Final biomass

Quatro Laks AS

Utvikling total MTB



MTB i % av 3 900 T - TF og FD

2013	84,60 %
2014	76,70 %
2015	75,50 %

MTB i % av 1 560 T - QL

2013	73,50 %
2014	77 %
2015	71,60 %